


# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 4 – DESEMBER 2005 – 8. ÅRGANG



## **Innhald:**

Spissar innsatsen	side 2
Frifant i fjellheimen	side 3
Seterstell – ein alternativ ferie	side 4
Seterbruk i Nord-Italia	side 6
Setra 60 somrar	side 8
Fotosamling på Riksarkivet	side 9
“Seterhusmenn”	side 9
Bjølvesete – min barndoms støl	side 10

Norsk  
Seterkultur



## I mars 2006

kjem neste utgåve av Seterbrukaren.

Frist for stoff sett vi til 1. februar, og vi gjentek den vanlege oppfordringa: spaltene er opne både for skriftlege bidrag og bilete.

Tips om tema er også velkomne, vi har ikkje ressursar til å følge opp alt som skjer rundt om i seter-landet, og er såleis avhengig av vakne og aktive lesarar! Sameleis oppmodar vi om å bruke heimesida [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) der det også er plass til nyhende, marknadsføring av setre og seterprodukt og "jobbformidling".

## Fotokonkurransen

held fram. Vi har ikkje fått så mange bidrag, kanskje er filmen frå i sommar ikkje framkalla eller du har ikkje hatt tid til å sende noko inn? I allefall, vi ventar på fleire bidrag – frå daglegliv på setra, dyr, folk, natur – eller frå seterarrangement av ulike slag.

## Medlemspengane

Giroen til innbetaling av medlemspengane/tinging av Seterbrukaren er lagt inn i dette bladet. Forfall er sett til 15. januar. NSK har store ambisjonar for arbeidet komande år, men innsatsen krev pengar. Medlemspengane er det organisasjonen lever av, og difor seier vi velkomne med på laget – både til noverande og nye medlemar!

### Styret:

Jostein Sande, leiar  
6214 Norrdal.  
Tlf 70259108. [jossande@online.no](mailto:jossande@online.no)

Kjersti Reksen Sole, nestleiar  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
[kjersti.sole@skjaak.kommune.no](mailto:kjersti.sole@skjaak.kommune.no)

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55 – [odar-esp@online.no](mailto:odar-esp@online.no)

Stein Brubæk, 6636 Angvik,  
tlf. 71292732, [sbrubaek@c2i.net](mailto:sbrubaek@c2i.net)

Gjermund Stormoen.  
TINE BA, Pb 25, 0051 Oslo  
Tlf 22938800 - [gjermund.stormoen@tine.no](mailto:gjermund.stormoen@tine.no)

### Varamedlemmer

Elin Rønning, Meråker. Tlf. 90 96 74 60  
Ingrid Arneng, Heggnes. Tlf. 95 78 32 06  
Marit Hoel, Molde. Tlf. 71 24 46 04

### Utgjevar:

#### Norsk Seterkultur, 6214 Norrdal

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: Birkeland trykkeri

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.

Framsidedfoto: Erling Skurdal.

## Ny giv?

Det er lenge siden det tæla ned – og vi har fått litt julesnø. Hos oss er kyrne tørre, fjøsstellet går unna på et blunk – og vi begynner alt å sjå fram til at kalvingene skal begynne. Det er bestandig spenning knytt til de nye kalvene som kommer...

Det virker som det er et hav av tid til neste seterreis, men noen tanker omkring seterlivet og setersatsing gjør man seg dog.

Snart vil vi få de første signaler på om satsinga i form av regionale miljøtilskudd har hatt effekt. Vil færre legge ned seterdrifta? Vil flere satse på seterliv og sommermjølke på utmarksbeite?

I fylkene er de i ferd med å "telle" statistikk. Det er tidlig å få konkrete signaler fra den kanten.. De "trender" en mener å fornemme, foregår i "nabolaget".

I vårt nabolag registrerer vi iallfall med stor entusiasme, at flere har planer om å gjenopp- ta og gjenoppbygge setrene – med det klare mål å produsere mjølke. Det gjøres investeringer i form av restaurering og nybygging av fjøs og mjølkebu.

I denne bygda har heller ikke "storsamdrifts-tanken" vokst og blitt mektig ennå.

Det er mange små enkeltbruk, som tar til seg de signaler som er gitt m.o.t. setring, kulturlandskap ...

Det er oppløftende å notere seg at mange yrkes-søstre – og brødre ser seg sjøl i rollene som budeier og budører – og planlegger en framtid for seg sjøl og buskapen i fjellet...

FLOTT!

Kjersti

# Norsk seterkultur spi

Årsmøtet i Norsk seterkultur – som var lagt til Sigdal i Buskerud - vedtok å spise organisasjonens innsats på politikkområdet. I lys av det som skjer i WTO er det viktig å bidra med offensive og kreative forslag overfor styresmaktene, slik at det nasjonale handlingsrommet blir fullt ut utnytta. I denne sammenheng er seterdrifta lite problematisk, og bør brukast for alt den er verdt for å sikre ei framtid for småskala beitebrukande mjølkeproduksjon. Seterdrifta har store miljøkvalitetar, m.a. knytt til kulturlandskap, biologisk mangfald og friluftsliv. Årsmøtet ba styret leggje avgjerande vekt på dette i det politiske arbeidet, og ba samstundes om at seminar og møte får meir fagleg og praktisk



Nokre engasjerte seminar og årsmøtedeltakarar frå Buskerud og Telemark: Trine Lilleslåttan, Bjørn K. Ulberg, Barbro Stordalen og Bjørg Brataker.

innhald. Organisasjonens handlingsplan er svært omfattande, og med begrensa økonomiske ressursar er det viktig å prioritere innsatsen strengt.

### BRUKARRETTA SETERPROSJEKT

Det kom fram på årsmøtet at NSK hadde hatt innverknad på det seterprosjektet partane i jordbruksforhandlingane vart samde om i år – 10 millionar over 5 år – lokalisert til fylka Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Statens sitt utgangspunktet var langt meir begrensa geografisk. Representantar for NSK har hatt møte med både faglag og departementet om kva ein bør gjera ut av eit slikt prosjekt. Utfordringane for seterbrukarane er mange, og deltakarane på årsmøtet i NSK gjentok at no må tiltaka vera brukarretta og ha som siktemål å gi dei som held denne driftsforma oppe betre rammevilkår. NSK tolkar signala frå landbruks- og matdepartementet positivt, og organisasjonen har gjort det klart at ein veldig gjerne medverkar til gjennomføringa av prosjektet.

### SATSAR PÅ BLAD OG NETTSTAD

Årsmøtet drøfta og informasjonsverksemda i laget. Bladet Seterbrukaren, som kjem ut fire gonger i året, bør utformast i temanummer, der ein vekslar mellom praktisk og politisk innhald, var signalet frå eit samstemt årsmøte. Det same gjeld nettstaden [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) der ein når særleg mange også

## Seterdrift i andre land

Vi nemnte i forrige utgåve av Seterbrukaren at vi framover vil ha stoff om seterdrift i andre land, først ute er Italia – der vårt medlem Francesco Perotto i Torino har sendt oss ein interessant artikkel. Norsk seterkultur har medlemmar i fleire seter-land, og det er i første rekkje desse vi vil utfordre til å kome med bidrag.

## Stølsdrifta sentral når Valdres skal byggjast som merkevare

Lokale produkt med basis i stølsdrift, kulturlandskap, utmarksbeite og mattradisjonar er sentrale element når Valdres no skal byggjast som merkevare. Regionrådet for dei seks Valdres-kommunane står bak denne satsinga, som er finansiert med støtte frå fylkeskommunen og næringslivet. Landbruk og reiseliv er satsingsområda, og av forprosjektrapporten går det fram at reiselivet er avhengig av eit levande landbruk. Kjell Håvard Tuv, Norges Vel, har leia forprosjektet. Sentralt tema for regionrådet er elles om Valdres-kommunane bør erklære seg sjølve som ”Valdres natur- og kulturpark”, vidare er det konkrete tankar om satsing på lokalt meieri for foredling av stølsmjolk og offensiv satsing på lokal kjøtforedling.

## Frifant i fjellheimen

I begynnelsen av november var det nok en gang plass for et ”seter-program” på NRK1, og igjen var Andreas Lunnan mannen bak programmet. Per fjellmann var tittelen på programmet, og vi møtte Per Gammelsæter, som tross bopel i Asker har Grøvdalen i Sunndalsfjella som sitt paradys.



Frifanten Per Gammelsæter. (Foto: Andreas Lunnan, NRK)

Her restaurerer han den ene seterbygningen etter den andre sommeren gjennom. Det er langt utenfor allfarveg, inne i en fjellheim som fascinerer alle besøkende. Per har fartstid som både bilmekaniker og sykepleier. Nå virker han som rådgiver innen helse- og sosialsektoren. Med hele landet som sitt nedslagsfelt påstår han at han har det privilegium å kunne sysle med akkurat det

han har mest lyst til, både i jobb og fritid. - Jeg kaller meg lausbikkje, frifant som jeg er, men det er visst ikke plass for slike titler innen byråkratiet for tiden, skratter Per Gammelsæter.

- Livet i fjellet er blitt min lidenskap. Neste år håper jeg å kunne få anledning til å herje med hammer og sag fra snøen går og til den kommer igjen, drømmer han.

Arbeidsoppgavene står i kø for den som vil og kan, og Gammelsæter har aldri syntes det er langt å kjøre fra Asker til Sunndalen. Fremdeles drives intensiv seterdrift i Grøvdalen. Melka blir foredlet på stedet, og tre setertausar har sikker hånd om produksjonen. Snekker Gammelsæter tar gjerne sin tårn på kjøkkenet og disker opp når budeiene unner seg en pause, og sørger for at både stemning og arbeidslyst holdes på et trivselsnivå.

## ssar innsatsen

med praktisk informasjon – einskilde månader er meir enn 10 000 innom sida! Både marknadsføring av seterprodukt og jobb-formidling har plass på nettsida. NSK har fleire nærskylde organisasjonar, som arbeider med ein del av dei same tema. Årsmøtet peika på kva ein bør samarbeide med andre om, for å utnytte ressursane best råd. NSK sjølv bør prioritere tema som: agronomiske forhold knytt til seterdrift og beitebruk, arealforvaltning i seterområda, rettsforhold, skatterett knytt til m.a. vedlikehald av stølsbus, prising av seterprodukt – og det vart òg nemnt at NSK kan vera som eit ”produsentlag”

inn mot Tine.

I løpet av årsmøtehelga i Sigdal var det òg tur til Grøset seter, der familien Ulberg serverte kaffe og sveler tilberedd under svært vinterlege forhold, og dei orienterte om det mangfaldige seter-tunet og den omfattande drifta deira der. Stortingsrepresentant Bjørn Jacobsen (SV) og Haldis Aalvik Thune heldt engasjerande innlegg under seminaret, og Odd Arne Espeland syntte fram ein fotoserie frå Stavali på Hardangervidda – der NSK i august hadde si offisielle 2005 markering.



Stortingsrepresentant Bjørn Jacobsen, SV, heldt eit engasjert innlegg – om egne gards- og setererfaringar, men mest om dei raud-grøne sin landbrukspolitikk.



Snøen lava ned da Karin Ulberg steikte svele til seminardeltakarar på stølsbesøk!



Bjørn K. Ulberg viser rundt i fjøset på Grøset seter. Interesserte tilhørarar: Reidun Skånsar, Anne Lise Søndrol, Trine Lilleslåttén og Bjørg Brataker.



# Seterstell – ein alternativ ferie

Kor mange er det vel ikkje som har sine kjæraste barndomsminne frå setra og fjellet? Og som lengtar attende til det sorgfrie liv i lag med kyr og geiter? Eg var blant dei, og har i nokre år prata ein del om dette med resten av familien: Kva med å bruke ei veke av ferien på ei seter? I år kom sjansen nesten rekande på ei fjøl. Vi tok han, og angrar ikkje på det. Tvert om, her ligg det an til reprise om eigarane tek sjansen.

*AV ERLING SKURDAL*

Det heile starta ein råkald februar morgon på Sentralbanestasjonen i Oslo. Eg sto og venta på bussen til Gjøvik. Plutselig, eit blidt fjes kjent frå fordums studieår på daverande landbrukshøgskulen på Ås og seinare i ulike samanhengar – Kirsti Timenes Bell frå Viksdalen i Sogn og Fjordane. Småbrukarkone med geit, sau og ku i fjøset. I løpet av turen oppover til Hadeland der ho og ungene skulle vinterferiere, vart det halvt i spøk nemnd at eg kunne tenkt meg budeistell til sommaren. Det var berre å varsle det, så skulle nok det ordne seg, var svaret eg fekk. Ferien nærma seg, og ein e-post vart sendt av garde om tilbodet ennå sto ved lag. Raskt svar førde til rask avgjer. 1. veka i august skulle vi til seters.

Det var ikkje fritt for at vi var spente da vi rulla vi inn på tunet på Øvre Bell. Vertsfolket, Kirsti og Per Magne, tok godt imot, og vi før straks til seters, til Langstølen, 15 km vidare på vegen innover mot Gaularfjellet. Setra låg vakkert til midt i eit kulturlandskap med elva Gaula som næraste nabo. Make-laust. For ein idyll. Geitene var alt komne heim, og helsa oss med glad mekring og fulle jur.



Egil og Guro storkosa seg saman med geitene!

## BUDEIUTDANNING

Etter mat i det fri og kort omvisning, var det rett på sak. Mjølking av 89 geiter og 2 kyr sto for tur. Vaksne og ungar følgde intenst med medan Per Magne og Kirsti la ut om boksar med mjøl til geiter og kje, jurvask, oppmjølking, påsett og avtak. Etterpå var det vasking av organ, røyranlegg og jurklutar, varmt vatn her men berre kaldt der. Ja, og så måtte vi hugse på å stoppe traktoren med naudagregatet på, for det faste hadde gått dukken rett før vi kom. Det måtte foregå slik og slik, for elles.... Store og små såg på kvarandre, og lurde på korleis dette skulle gå. 1.000 detaljer. - Ein runde til i morgon tidleg, så skal nok dette gå bra, meinte vertskapet.

Etter ein god natts søvn med susen av Gaula rett inn gjennom vindauge, bar det i gang att kl 06.00 neste morgon. Alt da gjekk det mykje betre, og ved kveldsstellet under

oppsyn av vertskapet, vart vi godkjende for budeiestell. - Vi er heime heile tida, så berre ring om det er noko spesielt, var trøysta vi fekk på vegen.

Med 4 til å hugse, så fekk vi etter kvart gangen i det heile. Ja, mot slutten følte vi at vi hadde rimeleg bra kontroll. Likevel dukka det opp eit og anna vi måtte ha hjelp til; ein slange på eit av mjølkeorgana revna, kyrne kom ikkje heim, ei brunstig ku frå naboen på andre sida symde over den flaumstore elva og drog av garde med kyrne våre. Dette var kvar dagsdramatikk for store og små, som vi måtte ha assistanse frå dei nede i bygda for å løyse. Men aldri så gale at det ikkje er bra for noko. Følgjene av dette vart trivelege stunder rundt matbordet etter avslutta stell, der vertsfolket bidrog med nyplukka jordbær, nybaka flatbrød og anna frå heime. Dette er slik som store og små hugsar.

## NOKO FOR UNGANE

Dei små, ja, Guro, på 13 og Egil på 10 år datt liksom rett på plass på setra. Store og små geiter vart fort deira beste vener, og som vanleg – killingane var likast. Opp frivillig tidleg kvar morgon, på med fjøslede og i gang med mjølkinga. Nokre dagar med regn, kunne det vera hustrig og senga kunne verka meir lokkande enn kalde fjøslede. Men nei, dei stilte opp. Dei kom raskt inn i rutiane, og var til stor hjelp. Dele ut i mjøl og delta i mjølkinga vart deira arbeid. Etterpå var det å følgje dyra på beite. - Kan du sjå noko finare, sa verten ein dag han var innom, da dei to strauk av garde med 100 geiter etter seg bortover haugane, der vegetasjonen bar tydeleg spor av geiter som hadde gjort godt arbeid over ein del år.

Utan strauum og dermed ingen TV, og radio berre i fjøset under mjølkinga, vart det god tid til kortspel og andre aktivitetar. Der stakk også innom folk med ulike ærend,



Godt med mat etter fjøsstellet.





På veg ut på beite.

mjølkk vart henta og mjøl levert. Med Gaula som næraste nabo måtte vi prøve fisken som vi såg frå fjøsdøra. Eit pent knippe med aurar let seg freiste av marken som kom siglande i enden av snøra, og angra nok på det. Var det vær til det, så gjekk vi til fjells. Molte fann vi òg.

### RØMMEKOLLE

Før vi kom til Langstølen, lurde vi på vitsen med å ha med 2 kyr. Årsaka til det fekk vi rimeleg fort svar på. Vel var det greitt å få skikkeleg gul og feit mjølkk til maten, som far hugsar at ho skulle vera, men det viste seg

ikkje å vera det viktigaste. Det store for alle som kom til støls, seterfolk som hyttefolk, var nemleg å få smake rømmekolle (rømmask). Dette er nysilt mjølkk som er tilsett litt surt og sett i skåler i romtemperatur i 2-3 dagar. Utan eller med sukker på, det smaka himmelsk påsto dei med glans i auga og andakt i røysta. Folk i hyttene tingar fersk mjølkk for å lage denne retten sjølve. På setra sto det heile tida ei full hylle med slike skåler. Ei gruppe med damer der nokre av dei hadde kjennskap til dette frå tidlegare tider, stakk innom og kom straks i eit høgare stemningsleie da dei fekk høyre at rømmekolle var tilgjengeleg. Supplering av lageret var ei oppgåve som hørde budeiene til, slik at vi fekk prøvd oss på dette òg.

### GJENSIDIG NYTTE

Vi vaksne hadde lyst til å prøve seterlivet, men ennå viktigare syntes vi dette ville vera for ungene. Riktig nok er vi frå landsbygda bære to med sterke band til landbruket i frå oppvekst og yrke, noko ungene har fått sin del av. Likevel, når vi bur midt i Oslo, så blir tankegangen prega av bylivet. Derfor hadde vi eit ønske om at ungene skulle få oppleve seterlivet. Det å få vera på ein plass langt frå næraste butikk, utan straum, ha rolege kveldar i lag, få oppleve dyra på nært hald, sjå korleis mat blir til og at det er ein del arbeid med dette, vera med dyra på beite og sjå korleis det formar landskapet rundt oss, fiske og plukke bær; dette er umåteleg verdifulle kunnskap å få med seg. Ein høyrer og ser det i ettertid at det har sett spor hos dei, slik som meininga var.

Ei lita historie om det. Etter fullført oppdrag, vende vi heim att med fjøskleda godt innpakka i plastposar. Da vi skulle vaske dei etter nokre dagar, lukta det skikkeleg sterkt geit da eg opna posen. Utan varsel stakk eg han oppunder nasen på han Egil, som har luktesans som ei harebikkje og registrerer ”vond” lukt på lang avstand. Reaksjonen kom umiddelbart og kanskje litt uventa: Nydeleg! Geitlukta fekk tydelegvis fram att dei gode opplevingane frå setra.

Da dagen kom at vi skulle sette kursen heimover og ungene måtte ta ein vemodig avskjed med geitene medan den minste killingen mekra sårt, kom vi ikkje ut av stølen før budeistell neste år vart tema. Om det passer slik for alle partar, så kan det hende at det blir så. Vi veit av nokre som har prøvd ei slik utradisjonell form for avløyning, men det kunne kanskje vera noko å satse på for fleire seterbrukarar. Med berre 1 veke til disposisjon som vi hadde, kan det riktig nok fort bli like mykje arbeid som hjelp for eigarane. Med fleire veker og gjentak over fleire somrar, vil dette kunne gje ein større gevinst; litt fri for eigarane på same tid som dei er med på å opplyse andre grupper i samfunnet og neste generasjon om kva dei driv med og dei positive verknadane av dette. Idéelt sett ein vinn – vinn situasjon.

Stor takk til vertskapet på Øvre Bell for at vi fekk sleppe til!



Konsentrasjon om mjølkinga.



# Seterbruk i Nord-Italia

**Tankar rundt tradisjon og fornying, krav, teknisk utvikling, kulturelle og økologiske samanhengar.**

*AV FRANCESCO PEROTTO, TORINO*

Seterbruket i Alpe-områda i Nord-Italia og næringane knytte til det møter konkrete og tunge problem:

- erosjon i inntektsgrunnlaget
- konkurranse av tilsvarende produkt frå andre land
- "formalistisk hygienisme", urimelege og unødvendige reinhaldskrav til produksjonslokale i seterhus utan praktisk omsyn til dyrehaldet og helsetilstanden til dyra
- forskrifter og pålegg frå EU
- kommunal areal-planlegging med "diktatoriske" byggeforskrifter som hindrar utvikling
- byråkratiske pålegg for seterbønder
- allmenn byråkratisering med stadig nye pålegg og reglar, detaljkontroll, men også innføring av tilskotsordningar som ikkje er gjennomtenkt og som verkar mot si hensikt. Det "regnar" tilskot per dyr for å ha dei på setra, utan at tilskota er del av langsiktige utviklingstiltak
- talet på setre minkar
- generasjonsskifte. Det er helst den eldre generasjon som held ut og fører drifta vidare. Svært ofte er det einslege menn
- familieproblem hjå fjellbøndene (arveoppgjør, frådeling utan faste retningslinjer, syskenstrid . . )
- generasjonskonflikter, demoralisering av fjellbøndene
- minkande total-areal for seterbruk/- drift, grunna "Umzonung", omdisponering av areal
- "Desertifikasjon", skruppellaus eigedomsspekulasjon gjennom store utbyggingselskap, "vill-turisme"
- rovdyr, villsvin



Flott utsikt og praktfulle fjell! Framleis betyr seterdrifta mykje i mange fjellbygder i Nord-Italia. Foto: Kari Sveen

Spekulasjon frå store eigedomsselskap med storstilla utbygging av "Zweit-Häuser" (hus/heim nummer to) i fleire nord-italienske dalar tok til i 60-åra. Det utvikla seg ein villturisme, heilt utan omsyn til lokal kultur! Utviklinga har skapt fjell-landsbyar og -grender utan sjel og røter. Bustadeigedom - "Zweit-Häuser" - er og blir sovesalar om sommaren for tilreisande byfolk. Resten av året, særleg om vinteren - med mindre det er skiområde rett utanfor døra - vil hus stå folketome. Like fullt... seterbruket fyller uerstattelege oppgaver. Det gjeld ikkje berre innafør matproduksjon, men også for miljøet.

Vi kan prøve å tenkje oss korleis Alpe-områda i Nord-Italia vil sjå ut utan det daglege sommararbeidet til bønder og seterbrukarar. Her kan vi sjå for ei "multifunksjonell rolle" for eit nytt og moderne seterbruk. Seterbonden er både sjølvstendig næringsdrivande og "landskapsgartner". I ein stadig meir open marknad krev seterbruket samarbeid og synergi med anna næringsliv ("light tourism", lokalt handverk, fjellbutikker for sal av regionale produkt og serveringsstader (trattorie alpina)) som byggjer på primærnæringa.

Eg trur at seterbruket har ein solid plass innafør primærnæringa i Nord-Italia, særleg

i fjellbygd-regionane Piemont, Aosta-dalen, Lombardia, Veneto, Trient, Sør-Tirol og Friaul.

Styresmaktene i desse regionane er klåre over kor viktig seterdrift med beitebruk og utnytting av fjellressursane er. Gjennom lengre tid er det lagt ned betydelege investeringar i t.d. grøfting og tiltak for betring av fjellbeite, saman med strukturforbetringar av bygningsmassen på setrene. Takka vera desse tiltaka har det vore råd å berge mange seterhus.

I framtida vil det også vera naudsynt med støtte til seterbruket. Investering i ny produksjonsteknologi, og her trengst det



## Studietur til Italia

- Til våren satsar vi på ein ny studietur til Nord-Italia, der også seterkulturen er tema. Fjellbygdene i Italia har i det heile mykje å by på, også utfordringar som liknar på dei vi står overfor i fjellbygdene her. Det er Lars Bakkom i Jotunheimen Reiseliv AS som seier dette, og fortel at dei alt har arrangert to studieturar til Vischgau/Val Venosta i Sør-Tirol.

Tema har vore – og vil også bli på neste tur - næringsutvikling i fjellbygder saman med

kulturbasert reiseliv, i og nær ein nasjonalpark (Stilfserjoch /Stelvio). Turen bør vera svært interessant for medlemmene i Norsk seterkultur. Vi skal bla.a. innom ei utstilling om seterbruket i Alpane ved museet i Schluderns. Lokal mat (egne nasjonalparkmenyar) vil bli eit hovudtema saman med gardsbesøk og besøk på infosentra og kulturvandringar i området, fortel Bakkom.



I seterområda er det svært mange gamle bygningar, dei fleste bygd i stein.  
Foto: Francesco Perotto.



Trivelege kalvar! Foto: Kari Sveen.

statlege tiltak (som i Austerrike). Berre slik vil det vera mogleg å sikre vidare produksjon av høgkvalitetsprodukt på setrene i Nord-Italia. Den typiske karakteren til våre regionale produkt skriv seg frå den spesielle kvaliteten på setermjølka vår, som i sin tur heng nøye saman med floraen. Fjellbeitet frå Piemonte austover mot Friaul er særleg rikt på urter. På andre sida er vår alpine flora avhengig av næringsstoff som blir tilført jorda gjennom beitefe. Tradisjonell produksjonsteknikk, særleg lokale produksjonsmåtar, gjev kvalitet til seterprodukt våre.

”Crotta” og ”Caseri”, kjellarane i seterhusa for modning og lagring, er med og

skaper den endelege, særprega smaken.

Men situasjonen for seterbruket er like fullt alvorleg. Det blir meir vanskeleg å finne kvalifisert arbeidskraft. Sesongen er stutt, men inneber hardt arbeid. Og blir sesongen forlenga, så er gjerne dyretalet på setra mindre..

Og likevel... Osten og smøret til dei nord-italienske seterbrukarane er i tankane våre ”der Stolz”. Vi fyllest med ærekjensle, om vi kjem frå by eller bygd. Natur, etnisk fjellkultur og ”typisk fjelltradisjon” set preg på alle seterprodukt. Kvalitet og karakter (nisje) gjer produkta etterspurde utanom eigen region, der konsumentane er

skuffa over standardiserte industriprodukt.

I dag, også i Italia, er forbrukarane på leit etter ”den opphavelge smaken”, det autentiske med ekte kvalitet. Denne trumfen vil vera avgjerande for framtida til seterbruket. Ved ei målretta varsam utvikling av reiselivet, ”light eco-tourism”, og med langsiktige næringsstiltak vil ein kunne sikre mangfald og ærlegdom innafor seterbruket. Seterbruk og seterprodukt kan gjerast til regionale kvalitetsstempel.



# Ola E. Hoven - "Rahauin" som setra 60 somrar

AV ERLING TORSKE

Bak dette namnet skjuler det seg eit menneskje som på så mange måtar var utanom det vanlege. Foreldra hans var Marit Olsdatter og kom frå Lesja og Endre Olsen Hoven. Dei var husmannsfolk. Først i Lilledalen og sia på ein plass under garden Mæle som heitte Hareimteigen og seinare plassen Rahaugen under Hoven. Her er faren nevnt i Sunndalsboka som husmann utan jord.

Dei fekk to barn, Ola fødd i 1859 og ei yngre søster som heitte Brit. Å vere husmann utan jord var nok lite å fø kone og barn på så Ola måtte tidleg ut å tjene. Han vart gjetar på Hoel som ligg rett over elva frå den plassen han budde. Ein dag han gjette sauene fekk han sjå eit dyr som lurte rundt sauene. Dyret grynta og gav frå seg rare lydar, og Ola trudde helst det likna på ein gris. Sauene vart urolege og han fekk dei vekk, og dyret som var ein bjønn, luska sin veg. Ola var heldig den gongen. Det var nok ikkje nokon slagbjønn han var ute for. Da ville ein liten kar som knapt var skulpliktig vore ille ute.

Det viste seg snart at Ola hadde uvanleg godt lag med dyr, og han vart tidleg medhjelpar i fjøset. Han fekk og tidleg ansvaret for fjøsstellet og da var ikkje vegen lang te å følgje buskapen på setra. Da var han komen inn i det mønsteret som skulle bli hans livsverk. For det må det vel vera, når han nådde det utrulege å vera nestan 60 somrar på setra.


Det var eit skarpt skilje mellom kar- og kvinnfolkarbeid denne tida, og det var eit heilt uvanleg syn at det var ein kar som var "setertaus". Enda meir uvanleg var det at ein kar karda, spann og strikka som Ola gjorde. Ein skrepphandlar som rak rundt på gardane fekk sjå Ola som satt ved rokken. Skrepphandlarane, som var litt av ein rimsmed, sa da han kom på neste plass: "Eg såg eit syn, eg såg eit syn, eg såg ein mann som satt å spann på Tors."

Ola var utruleg lett på foten og snar i vendingen. Da han setra i Reppdalen gjorde han frå seg kveldsmjølkinga, tok beina fatt over Lonlia, ned i Åmotan og opp i Svisdalen på dans. Der dansa han heile natta, og for same vegen heimatt og gjorde morgonsmjølkinga. Dei som har fare den vegen veit at den er både bratt og lang!

Åleine som han var der oppe i fjellheimen, utvikla han ein var og fin kontakt med naturen. Når det kom bygdafolk opp på setra og han fekk høyre nytt, sa han ofte: I vesst det va dødsfall nedi bøgden. I ha haurt dødsflokkån ringje fleir gong". Det var nok eit eller anna signal som nådde øra hans når han gjekk slik åleine. Han fortalte og: "Eg høyrer ofte det tuslar rundt meg av framande skapningar, men slike småfolk skal ein halda seg til vens med." Han hadde utallige varsel om ver og vind. Gikta i kroppen, elvasus, vidtrekk og skyhausar var vervarslinga hans Ola.

Kjærleiken til dyra han stelte var inderleg, og også gjensidig. Han gjekk stadig og småprata med kyr og kalvar, og det var rart om ikkje kyrne kom heim til kvelds når Ola kalla på dem, på sin særeigne måte. På Stolvollen i Grøvudalen hadde han ei stor, flekkete bjellku som heitte Annaros. Mellom desse to var det så nær kontakt at det kunne verke overnaturlig. Ho "sytte" så snart Ola viste seg, og svara gjerne når Ola kalla på ho. Ein gong meinte han ho redda livet hans. Elva hadde vorte styggstor etter eit toraver, og buskapen kvidde seg for å ta over elva. Så skulle Ola gå føre, men mista fotfestet og heldt på å bli teken av straumen. Men Annaros som var like ved sida av han var god å finne. Ola tok eit godt tak i rompa til kua, og slik vart han dregen med på land. Den dagen Annaros måtte forast til slaktebenken var nok ein av dei tyngste dagane i Ola sitt liv.

Han hadde utallige vener som gjerne besøkte han når han var på setra. Ein av dei var fjellmannen Simen Hole på Lesja. Når han vandra rundt i fjella hendte det at han kom så langt at han nærma



"Rahauin" fotografert av Halvor Vreim i 1937.

Biletet finst i Riksarkivet si fotosamling etter seterbruksundersøkelsen.

seg Grøvudalstraktene. Da kom han innom Stolvollen og stakk innom Ola. Der står også namnet hans, hogge inn i ein stein som låg i buagolvet, som takk for besøket.

Kvardagen hans Ola måtte vera utruleg lang og slitsom. Å mjølke 20-tals kyr kveld og morgon, kinne smør og lage ost var ikkje lett-arbeid. Vatn og ved skulle berast inn og vassvegen var ofte lang, da vart det ikkje 8-timars dag. Nei 14 og kanskje 16 timar var ikkje uvanleg. Likevel var han bestandig i godt humør og song gjerne til arbeidet. Aldri høyrde du at han bar seg – og ymta frampå om at han var trøyt. Tid til overs hadde han både for dyr og husbondsfolk eller gjestar som kom innom. Det var ikkje små verdiar han forvalta for dei som åtte buskapen.

Ein gong måtte også arbeidsdagen hans Ola ta slutt. Han ville ikkje gje seg, og han setra heilt til han vart 79 år gammal. Enda var det med tungt hjarte han tok farvel med seterlivet. – Av dei mange venene som gjesta Ola var også bygdadiktaren P.E. Sjøset som besøkte han på Rahauen. Han skreiv: "Enda går det sagn om denne sereigne mannen som var "setertaus" i Søndalsfjillo i 60 år." Han laga ei oversikt over dei stadene der Ola hadde setra: Gjeitådssetra (5 somrar), Tredalssetra (1), Dalasetra (3), Åkersetra (3), Smestadsetra (2), Sandvasslågsetra (2), Skamsdalssetra (1), Reppdalsetra (9), Litlsetra (1) og Stolvollen (30 somrar).



# Interessant fotosamling i Riksarkivet

Instituttet for sammenlignende kulturforskning gjennomførte ein stor undersøkelse som også omfatter ei stor og spennende fotosamling. Instituttet ble opprettet av Det vitenskapelige forskningsfonds humanistiske avdeling. I statuttene fra 1922 står det bl.a. at "Instituttet for sammenlignende kulturforskning... skal være et fritt selvstendig vitenskapelig institutt med formål å fremme forskningsarbeidet innenfor de områder som er betegnet ved dets navn". Instituttet har arbeidet med utforskning av arktiske kulturer, særlig samene, sammenlignende folkeminneforskning, studiet av kaukasiske og iranske språk og folkevandringstiden.

I 1928 tok instituttet opp studiet av det norske bondesamfunnets utviklingsformer. Dette ble utgangspunktet for tre store undersøkelser: "Setrar og seterbruk i Noreg" (1928-1939), "Gardssamfunn og grannesamfunn i Noreg" (1943-1975) og "Gamal gardsskipnad i Noreg" (1947-1962). Instituttet arrangerte forelesningsrekker og drev en betydelig publikasjonsvirksomhet.

Arkivet etter Bondesamfunnsavdelingen ble vedtatt overlatt til Riksarkivet i 1975, og mer kom inn på slutten av 1990-tallet da virksomheten var avsluttet.

Fra seterbruksundersøkelsen omfatter arkivet bl.a. en fotosamling. Store deler av landet er representert. De aller fleste bildene er tatt av arkitekt Halvor Vreim i slutten av 1930-åra og i begynnelsen av 1940-åra. Han var sakkkyndig medarbeider for byggeskikken, og bildene var bl.a. beregnet til illustrasjonsmateriale. Noen av bildene er gjengitt i Lars Reinton: Sæterbruket i Norge b.1-III (1955-1961). Samlingen inneholder hovedsakelig eksteriørbilder av setergrender og de enkelte hus, men det er også noen interiørbilder og bilder som forteller om arbeidsoppgavene på setra.



Telemark: "Rauland. Setusel, Sudistog Holtar."  
Foto: Halvor Vreim 1940.

## "Seterhusmenn" i Grøvdalen

AV JOSTEIN SANDE

Grøvdalen i Sunndal på Nordmøre er ein særmerkt seterdal, der seterdrift og fast busetnad gjekk parallelt ein lang periode, særleg på 1800-talet. Grøvdalen vart matrikkulert som gard på 1700-talet, men fast busetnad kan dokumenterast attende til 1600-talet. Garden var delt i to bruk ei tid, men høgt til fjells som den ligg, flytta folk derifrå i tur

og orden når bedre gardar bau seg – gardar nærare bygda. Etterkvart vart garden kjøpt av bønder nede i sjølve Sunndalen – og delt i seterparsellar. Frå slutten av 1700-talet vart det teke opp gruvedrift både i sjølve Grøvdalen og i høgfjellet kringom. Dette var sikkert medverkande til at fleire husmannsplassar vart tekne opp, og midt på 1800-talet budde 30-40 menneske i denne dalen – og

hadde i alt 2 hestar, 20 storfe, 35 sauer og 7 geit (1865). - Dei fleste av desse husmennene var handverkarar eller "gruvknektar", nokre husdyr og ein jordfleck høyrde med – men knapt nok til å brødfø ein familie. Somme av desse familiane budde på sjølve setrene, vi veit ikkje kva status eller avtalar dei hadde, men vi kan kalle dei "seterhusmenn". Underteikna får ta ansvaret for dette omgrepet, det er ikkje historisk kjent, men i praksis var dei husmenn med vinteropphald på setrene. Om vinteren heldt altså folk og fe til i seterhusa, og om sommaren budde dei til dømes i ei lita steinbu tett atmed. Da laut bøndene – somme frå nedst i Sunndalen 5-6 mil unna - ha seterhusa sjølve. Husmannsfolket laut finne vinterfor åt buskapen sin i utmarka, der bøndene nedafrå bygda ikkje slo, stundom heilt oppå snaufjellet. Noko arbeid åt bøndene i setertida høyrde med, som betaling. Om vinteren er dalbotnen – som ligg 8-900 m.o.h. mykje berr, så dyra kunne truleg gå mykje ute. På det viset fann dei gamalt gras, lauv, kvist og bork – og dessutan gjorde det nok dyra godt å få sol på skrotten og mosjon. Betre enn å stå i eit mørkt og rått fjøs heile vinteren, skulle ein tru, og noko av årsaka til at folket i denne fjelldalen hadde såpass mange husdyr.

- Om nokon kjenner til liknande opplegg frå andre stader, med "husmenn" buande på setrene, så ville det vera interessant å få kjennskap til det.



Det var her på Flyaseter'n det var "seterhusmann" lengst. Biletet er teke av Halvor Vreim i 1937 – og finst i Riksarkivet.



# Bjølvesete, min barndoms støl

AV HALDIS AALVIK THUNE

”Hu hei! kor er det vel friskt og lett oppå fjellet, oppå fjellet!” song bestemor titt og ofte. Ho vart so glad når ho var på stølen. Ho song og Sætergjentens søndag med ein eigen lengt i stemma si, hugsar eg. Eg veit ikkje kor gamal eg var då eg var med på stølen fyrste gongen, men eg minnest at eg tykte at det var langt og at lia var bratt. Men vegen vart liksom delt opp i fleire deler, som alle hadde si eiga oppleving. Fyrste spanande opplevinga var då me skulle gå over dei to bruene over elva Bjølvo. Bruene var smale og utan rekkverk, så me la oss ned og kraup over, den fyrste gongen eg hadde med meg to mindre syskin på veg til støls. Det var eit stort ansvar eg hadde fått og me såg litt skræmde ned i dei store vasskulpane i fossegjeldet under brua. Og ein gong besto eg og skulle gå til støls ein ettermiddag, var elva so stor at ho ikkje våga seg over. Me måtte i staden gå opp langs elva der det korkje var sti eller veg. Langt ovanfor Bjølvesete, på feil side av elva, laut me gå før me kom til ei bru over elva att. Silregna gjorde det og, men me rokk fram til kyrne skulle mjølkast og dei stod attmed selet og venta på oss, glade for å få koma i hus i regnveret og skodda som låg over alle fjell.

Når me var komne trygt over bruene så var me komne til garden Fosse, som ligg fritt og fint til i lia heime i Ytre Ålvik. Her budde det i min barndom ein som heitte Mikkel Fosse og systra hans Inga. Mor bruka alltid å ta ein prat med dei i tillegg til at me drakk av ausa som stod i vassbytta utanfor inngangen til stovehuset deira. Mikkel hadde bygt ei lita bu i stein, som me tykte det var spanande å sjå, men me fekk ikkje lov å gå inn i den av mor, den såg litt skral ut og mor var kanhende redd at ho skulle rasa saman over oss. Men likevel trur eg at spaninga vart for stor, så ein gong eg gjekk åleine til stølen, så våga eg meg inn ei snøggvende. Kvilestunda på Fosse vart alltid for kort, tykte me, og så var det å leggja i veg att. Me gjekk forbi mjøstølen til

Fosse, og det var og ei oppleving som var med å korta ned den lange stølsvegen. Og etter eit endå lengre stykke, kom me til kvilesteinen, ein fin steinbenk der me alltid sette oss og kvilde. Og det neste som var spanande var då me skulle koma oss over Sebergsbekken, der det var eit glatt berg som det alltid rann mykje vatn over og i tanken såg oss sjølve segle utfor, om me var uheldige. No var det berre å klatra opp den vesle stigen som låg over ein skrent litt lenger oppe i lia, og så berre endå litt og so var me oppe på Seberg, der me såg utover heile grenda og Hardangerfjorden, med Folgefonna i bakgrunnen. Åå, det var fantastisk! Me sprang resten av vegen opp mot stølen, for no tykte me det var reint flatt lende oppover dei blåbærkleddet tuvene og irrgroene bakkane mot selet vårt.

Bestemor var i selet, for det rauk so fint or skorsteinen i det vesle selet. Og inn storma me, for me visste at når me kom så ville me få rjomekolle og om me var heldige, potekaker eller mjølkekaker (det same som kvikaker i Valdres). Bestemor vart glad for å sjå oss og ho sette rjomekolle og anna mat på bordet til oss. Rjomekolla vart streka opp i fire like deler, hugsar eg, den gongen eg kom opp saman med dei to systrene mine, Magnhild og Marta må det ha vore, sidan dei berre var litt yngre enn meg, som var den eldste i syskinflokken på sju, med fem jenter og to gutar. Selet heime var ikkje stort, men me fekk alltid plass til å overmatta, og det var så trygt og godt å leggja seg til å sova når me høyrde lyden av kyrne som og roa seg etterkvart i floren under selet. Serleg hugsar eg og lyden av regnet som slo imot byljeblekktaket samstundes med at eg tenkte kor godt det var å vera i hus både for kyrne og oss sjølve. Men flest dagar med sol var det på stølen, så me hadde mykje moro med å skli på papirsekkjer i ein bratt bakke, saman med nokre andre born

som og var på stølen. Og så hjalp me bestemor med å få inn kyrne, mjølka og så sila den varme mjølka. Eg var og med besto og skura opp kollene med sand i bekken som rann gjennom stølslaget på Bjølvesete. Og så var eg med henne bort i selet til ”skreddaren”, (ho sydde for folk) ei budeie som hadde vore på stølen i alle år. Dei vaksne drakk kaffi og eg fekk rjomekolle og anna godt. Dei vaksne fortalde seinare at før ”skreddaren” skulle på stølen, så gjekk ho rundt i heile grenda og smaka på kjora på dei forskjellige gardane, slik at ho fekk tak i den beste skjøra for å ha med seg til støls for å syrna skjøra ho skulle laga deroppe. Eg var med å klyvja til fjells fleire gonger, og far skodde alltid hesten godt for han skulle til støls. Men då eg var 12 år fekk eg klyvja til støls åleine. Det var

Og kva er det som gjer at slike opplevingar står so sterkt i minne vårt? Det har kan hende noko med at det var ei oppleving heilt utanom det vanlege, og at me fekk utvida vår vesle barndomsverd med dyr og sterk natur like innpå oss.

ei stor tillitserklæring for meg, og eg kjende meg mest vaksen. Eg fylgde godt med på at kløva ikkje vart skeiv, stramma bukjorda og eg såg etter at ingen-

ting gnog under kløva. For det skulle ikkje så mykje til før hesten kunne få gnagsår om noko ikkje låg som det skulle, det hadde eg lært. På den turen fekk eg og sjå den fyrste tiuren i mitt liv, og den var stor og fin, så eg vart mest skremd av den, så nær var den då den flaksa opp. Eg ser enno for meg Bjølvesete der eg kom fram til selet med kløv til bestemor som vart so glad for å få både mat og anna som ho trong på stølen. Og eg hugsar gryta som stod på den vesle vedovnen og kokte med byggryn og ein fleskebette oppi. Det lukta so godt og smaka so godt når poter, løk og litt grønsaker vart hadde oppi. Turen heimatt hugsar eg ikkje o mykje av, men det gjekk nok greit, og spunsane med skjør som eg hadde med heimatt kom nok godt med, serleg når me dreiv med slåtten og bruka skjøra til å laga ”halvblanda” som var eit godt tystedrikke, med halvparten kvar av skjør og vatn. Eg blandar det endå slik sumarstid, når eg vil ha ein smak av slått og barndom. Henny Neteland fortalde meg at skjøra kunne verta veldig sur og sterk på smak, for det vart ofte fleire veker før ein fekk kløvja den heim. Då var det viktig å skumma av farehinna som la seg oppå skjøra, før ein rorde om. Ho fortel og at på ein gard hadde dei så sterk skjør, at sjølv om ein berre hadde 2-3 dråpar oppi skjørblandingen med vatn, så gjekk ein rundt i ein rus heile dagen, vart det sagt.

Men noko av det eg hugsar aller best, er den trivnaden som var inne i selet, med det vesle vindauga, det kvitskura bordet, hylla med alle kollene, senga med halmsekki og så den vesle ovnen, som ein og kunne koka litt mat på. Alt vart kvitskura, både benk, bord, stolar og bord, og gjennom det vesle vindauga med fire små ruter, såg me ein glimt av Hardangerfjorden og Folgefonna si kvite kåpe, sveipa om fjelltoppane.



Halldis saman med ei av kyrne på Bjølvesete.



# Mye fokus på seterdrifta i Nord-Østerdalen

Vi hadde en del stoff fra Nord-Østerdalen i forrige utgave av Seterbrukaren – fra seterstreif i Vangrøftdalen i Os. Her er de frodige seterdalene Vangrøftdalen og Kjørudalen med om lag 60 setrer i drift vernet som særpregede natur- og kulturlandskap. Forollhogna Nasjonalpark og tilgrensande landskapsvernområder byr på spennende utfordringer for kommuner og lokalsamfunn. Det er startet et prosjekt – Verdiskaping og næringsutvikling knyttet til verneområdene - der hovedmålet er følgende: Prosjektet skal være en aktiv pådriver for generell næringsutvikling knyttet til landbrukets ressurser og andre ressurser i dette området. En skal utnytte potensialet som ligger i utmarksressursene, verdiene i den tradisjonelle bruken av området gjennom aktiv jordbruksdrift, seterbruk og beitebruk, kulturlandskap og byggeskikk, samt de unike naturverdiene området har. Prosjektet skal fokusere på nyskaping, optimisme og grendeutvikling. – Forvaltningen av Forollhogna Nasjonalpark og tilliggende landskapsvernområder er med i et prøveprosjekt for lokal forvaltning. Hver kommune har ansvar for sine områder, men det er også opprettet felles fagutvalg og rådgivende utvalg.

## Landbruksdirektører til seters

I september var landets landbruksdirektører i "Fjellregionen", og i Nord-Østerdalen tok de

turen til seters. I følge Hamar Arbeiderblad (HA) gikk turen i setertraktene mellom Vingelen og Tynset. Ordførerne i Os og Tolga la i sin orientering vekt på de prosjektene som er i gang for å viderutvikle seterdrifta bl.a. i verneområdene.

Vi sakser videre fra HA: "Store deler av Nord-Østerdalen har flotte seterområder med gode beitearealer. Det har mest med geologien å gjøre. Seterdalene er en stor ressurs for jordbruket. Det slippes årlig mye dyr på beite, men enda gror landskapet igjen. Yngve Rekdal fra NIJOS, Norsk institutt for jord- og skogkartlegging, sa at antall beitedyr egentlig kan tre-firedobles for å utnytte arealene skikkelig. Han kom også med flere oppsiktsvekkende opplysninger: - Det har vært lagt for mye vekt på avl i forhold til å utnytte de faktiske beitene. Det hjelper lite å ha flotte avlsdyr dersom de ikke får tilgang på nok beiteressurser, sa Rekdal blant annet."

## Over 200 setre i drift i Nord-Østerdalen

Seterdrifta er en svært viktig del av det tradisjonelle landbruket i denne regionen. Over 200 setre er i drift, med produksjon av både ku- og geitmelk. Setringa og seterlandskapet et svært viktige element i kulturlandskapet og har stor betydning som kultur- og tradisjonsbærer.

Seterlandskapene i Nord-Østerdalen er

unike, og vi har i disse områdene sterke tradisjoner når det gjelder bygningsutforming og byggeskikk. Dette har, sammen med husdyrhold og lange tradisjoner med beitebruk, satt sitt preg på seterområdene. Mange av seterområdene ligger i dag innenfor eller i randsona til større verneområder.

For å ta vare på og videreutvikle disse unike seterområdene, setertradisjonene og seterkulturen har kommunene i Nord-Østerdalen sammen med Regionrådet, Fylkesmannen i Hedmark og Norges Vel etablert et prosjekt. Vi har omtalt prosjektet før, men nemner at det er 3-årig og har fokus på tre hovedområder: - Ta vare på og legge til rette for tradisjonell seterdrift med mjølkeproduksjon og beitebruk. - Øke verdiskapingen gjennom nye virksomheter knyttet til reiseliv, mat, opplevelser m.m. - Setertradisjoner og seterkultur; byggeskikk, beitebruk, historie, musikk m.m.



## 150 hus reddet gjennom "Ta et tak"

Kulturminner blir reddet gjennom Stiftelsen Norsk Kulturarvs aksjon

Gjennom aksjonen "Ta et tak 2004-2005" er til nå 150 nedfallstruede bygninger over hele landet bevart for fremtiden. Aksjonen har fokusert på støls- og sætermiljø, og det er i hovedsak bygninger i tilknytning til sæterdrift som har mottatt støtte.

Det ble til sammen gitt tilsagn om 1 530 000 kroner i støtte gjennom aksjonen. - Av erfaring vet vi at midlene fra aksjonen utløser et sterkt engasjement og enorm egeninnsats fra eiernes side, opplyser prosjektleder Trude Lillevik. Gjennom fire "Ta et tak"-aksjoner er det delt ut ca 10 millioner kroner, men beregninger viser at det har utløst en verdiskaping opp i mot 60 millioner kroner. - Disse aksjonene er gode eksempel på at et godt kulturminnevern alltid vil være avhengig av de lokale ildsjelene som gjør en uvurderlig innsats for bevaringen av vår felles kulturarv.



Arbeidet med fjøstaket på Strø i Vestre Slidre er fullført.



Trude Lillevik

At bygninger blir tatt vare på, har også en videre betydning enn bare bygningsvern. Bygninger er viktige elementer i et levende kulturlandskap og dokumentasjon av gamle handverkstradisjoner.

- Sentralt i aksjonen er tanken om "Vern gjennom bruk" sier daglig leder Dag Lindvig. Gjennom aksjoner som "Ta et tak" kan det legges et grunnlag for på nytt å ta i bruk de forskjellige bygningene og kulturlandskapet rundt. Dermed skapes en ny og bedre utnyttelse av ressurs- og næringsgrunnlaget. Vi mener at bruk er det beste vern, og når man gjennom restaurering gir disse bygningene en ny nytteverdi, har man også lagt et viktig grunnlag for fremtidig vedlikehold.

Aksjon "Ta et tak 2004-2005" har samarbeidet med følgende aktører: Miljøverndepartementet, Statens Landbruksforvaltning, Norges Bondelag, Landbruksdepartementet, If og Norsk Seterkultur.

## Bli med i



### Medlemskontingent 2006

Aktiv seterbrukar	kr. 300,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 200,-
Organisasjon/institusjon	kr. 500,-

### Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar  
 Organisasjon/institusjon  
 Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

## NORSK SETERKULTUR

6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169





## Økning i seterdrifta i Sør-Trøndelag

Etter flere år med reduksjon i seterdrifta i Sør-Trøndelag har utviklingen nå snudd. I år har 107 gårdbrukere søkt om tilskudd til setring på tradisjonell enkeltseter.

Dette er en økning på sju brukere fra i fjor. I perioden 1996 – 2004 la en av fire seterbrukere ned drifta på setra si.

Økningen i aktiviteten på sørtrønderske setre skyldes sannsynligvis at tilskuddet til setring ble økt fra 13.000 til 30.000 kr i år. Dette er ett av tiltakene som er gjennomført gjennom Regionalt miljøprogram for landbruket i Sør-Trøndelag. Det er Fylkesmannens landbruksavdeling som har hatt ansvar for å utforme programmet, i samarbeid med landbruksnæringa.

- Dette er ei gledelig utvikling, sier landbruksdirektør i Sør-Trøndelag Tore Bjørkli.

- Gjennom regionalt miljøprogram ønsker vi å bygge videre på særpreget ved sørtrøndersk landbruk. Setertradisjonen har stått sterkt i fylket vårt, og som det nest største seterfylket i landet har vi en kultur det er viktig å ta vare på. Områder med beitende kyr, røyk fra pipa og kanskje salg av produkter er noe folk som ferdes i fjellet setter pris på. I tillegg sørger beiting for at seterområdene ikke gror igjen.

I underkant av 1.700 av fylkets 3.575 gårdbrukere søker i år en eller annen form for regional miljøstøtte. Det er ventet at en gradvis større andel av overføringene fra det offentlige vil ha en "grønn etikett". Dette til forskjell fra tidligere, da selve produksjonen i større grad ble støtta.

## Invitasjon til tur til Val Venosta, Sør-Tirol, Italia 24.-29. april 2006

### Tema:

Næringsutvikling nær ein nasjonalpark. Gardsturisme, seterbruk, kulturlandskap, lokal mat.

Informasjon og påmelding:

Lars Bakkom, Jotunheimen Reiseliv AS,  
Boks 63, 2688 Lom

Tlf. 61 21 29 90 – E-post: bakkom@visitlom.com



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støttar Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma

## Kraftfôrvalg til beite er enkelt!


Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på forsommeren. Utover sommeren er det vanskeligere å holde stabil kvalitet. Faktorer som beitestrykk og værforhold er da sentrale.

FORMEL BEITENØKKE				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ukjødsla beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Favor 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Favor 30	3 kg FORMEL Favor 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Favor 10	3 kg FORMEL Favor 30	5 kg FORMEL Favor 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	3 kg FORMEL Favor 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Favor 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Favor 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Dersom mjølkemengden går ned, vet du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.



Økt lønnsomhet for bonden



www.f.no